

MØTEPROTOKOLL

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommunetunet
Møtedato: 20.11.2017 **Tid:** kl.14:30 - 17:30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista og sakspapir vart gjort tilgjengeleg elektronisk 13. og 17.11.2017.
Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte: **Parti**
Eirin Bergheim
Gudleik Østerbø

Wenche Holmefjord
Agnete Digranes Årvik **Ap**
Åse Margrethe Hegre Riise
Arne Holmefjord

Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Svein Lang	Sp	Aud-May Boge	H

Møtenotat:
Andre som var tilstades:
Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Merknader til innkalling og sakliste:
Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. Ekstrasak - sak nr 71/2017 - vart samrøystes satt på saklista.

Leiar Eirin Bergheim leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen 20.11.2017

Eirin Bergheim
Leiar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
063/2017	Godkjenning av møteprotokoll
064/2017	Prosjektrapportering formannskapet 2017
065/2017	Kommunale vigslar - endring i ekteskapslova frå 1. januar 2018
066/2017	Budsjett 2018 - økonomiplan 2019-2020
067/2017	Framlegg til planprogram - Områdeplan for Eikelandsosen 2019 - 2040
068/2017	GBNR 27/6 - Bergegrend - Detaljregulering for naustområde, Kvålsvågen sør
069/2017	Skriv, meldingar og open post- 20.11.2017
070/2017	Eldredagen 2017 - evaluering
071/2017	GBNR 25/1 m.fl. - Berge Midtre - Godkjenning av detaljregulering for Berge Naturstein

063/2017: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollar frå møta 25.09, 16.10 og 13.11 vert godkjent.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RAAD- 063/2017 Vedtak:

Møteprotokollar frå møta 25.09, 16.10 og 13.11 vert godkjent.

064/2017: Prosjektrapportering formannskapet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Prosjekt 080

Spør om skade på veg til Gjørn er ordna.

Prosjekt 090

Rådet ber kommunen laga ein folder med tlf-nummer, adresser til innbyggjarane. Stor skrift. Dei som ønskjer dette kan få denne ved å henvenda seg til kommunen.

Prosjekt 261

Rådet spør kvar ein tenkjer ambulansetenesta ?Saman med brannstasjon eller ny helsestasjon?

Elles tar rådet rapporten til etterretning.

RAAD- 064/2017 Vedtak:

Prosjekt 080

Spør om skade på veg til Gjørn er ordna.

Prosjekt 090

Rådet ber kommunen laga ein folder med tlf-nummer, adresser til innbyggjarane. Stor skrift. Dei som ønskjer dette kan få denne ved å henvenda seg til kommunen.

Prosjekt 261

Rådet spør kvar ein tenkjer ambulansenesta ?Saman med brannstasjon eller ny helsestasjon?

Elles tar rådet rapporten til etterretning.

065/2017: Kommunale vigslar - endring i ekteskapslova frå 1. januar 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Ordførar og varaordførar har vigselmynde etter loven.
2. Fusa kommunestyre gir følgjande tilsette i Fusa kommune vigselmynde.
 - Nils-Petter Borge
 - Anne Skagseth
2. Ordførar får fullmakt til å utarbeide rutinar for vigslar.
3. Ordførar får fullmakt til å utarbeida gebyr som skal dekke meirkostnadar for vigslar utanfor vanlig arbeidstid, i helger, utanfor rådhuset og for brudepar der ingen er busett i kommunen.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim var samrøystes vedteke:
Rådet ønskjer lykke till!!

RAAD- 065/2017 Vedtak:

Rådet ønskjer lykke till!!

066/2017: Budsjett 2018 - økonomiplan 2019-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Rådet refererer til AMU sin uttale og ber om at dette blir tatt hensyn til (notat 62642).
Rådet ber og om at frivilligpolitikken blir tatt med i budsjettet.

RAAD- 066/2017 Vedtak:

Rådet refererer til AMU sin uttale og ber om at dette blir tatt hensyn til (notat 62642).
Rådet ber og om at frivilligpolitikken blir tatt med i budsjettet.

067/2017: Framlegg til planprogram - Områdeplan for Eikelandsosen 2019 - 2040

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner oppstart av planarbeid med områdeplan for Eikelandsosen.
Planprogrammet vert lagt på høyring og til offentleg ettersyn i minimum 6 veker frå vedtak.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 12-1, 3 og 12-9.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Agnete D. Årvik vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet ønskjer at kommunen -saman med rådet - arrangerer dialogmøte med interessegrupper for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne for å få eit best mogleg bumiljø der mogelegheter for arbeid, fritid, fysisk aktivitet og sosialt fellesskap vert

vektlagt.

RAAD- 067/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet ønskjer at kommunen -saman med rådet - arrangerer dialogmøte med interessegrupper for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne for å få eit best mogleg bumiljø der moglegheter for arbeid, fritid, fysisk aktivitet og sosialt fellesskap vert vektlagt.

068/2017: GBNR 27/6 - Bergegrend - Detaljregulering for naustområde, Kvålsvågen sør

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune gjev løyve til at det startast arbeid med detaljregulering for naustområde med tilhøyrande infrastruktur på GBNR 27/6 Kvålsvågen i Bergegrend. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3,12-8.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Rådet etterlyser opplysningar ang. tilkomst - deriblant parkering og universell utforming.
Viktig at dette blir ivaretatt.

RAAD- 068/2017 Vedtak:

Rådet etterlyser opplysningar ang. tilkomst - deriblant parkering og universell utforming.
Viktig at dette blir ivaretatt

069/2017: Skriv, meldingar og open post- 20.11.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Jf. vedtak i sak 36/2017 - Fritidstema i kulturplan:

Det vart orientert frå høyringsmøtet som var 24.10. Referatet vert sendt ut.

«Kollektivtilbodet i Fusa

Senior- og funksjonsrådet har tidlegare bedt om at sak vert lagt fram til uttale tidleg nok for både dette rådet og ungdomsrådet slik at det er grunnlag for uttale frå kommunen.»

Status i saka vert lagt fram i møtet 20.11.2017.

Følgjande informasjon frå ordførar vart munnleg orientert om i møtet:

"Råda skal verta involvert når noko på området kjem til kommunen til uttale eller kommunen tek opp saker.

Elles er det laga ei sak om samferdselsutval – underlagt formannskapet . der også råda må verta involvert i saker som vedkjem deira område. Saka skulle vel gått via råda før formannskapet."

Følgjande felles framlegg fremja av leiar Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet ser fram til å bli involvert ift. samferdselsutvalet sitt arbeid.

Saka vert elles teke til orientering.

RAAD- 069/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet ser fram til å bli involvert ift. samferdselsutvalet sitt arbeid. Saka vert elles teke til orientering.

070/2017: Eldredagen 2017 - evaluering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av leiar Eirin Bergheim vart samrøstes vedteke:

Godt gjennomført. Godt samarbeid med saniteten på Holmefjord, senioruniversitetet og senior- og funksjonsrådet.

Ein tilbakemelding om at inngangspengar bør vere lik for alle. Dette må diskuterast med senioruniversitetet.

RAAD- 070/2017 Vedtak:

Godt gjennomført. Godt samarbeid med saniteten på Holmefjord, senioruniversitetet og senior- og funksjonsrådet.

Ein tilbakemelding om at inngangspengar bør vere lik for alle. Dette må diskuterast med senioruniversitetet

071/2017: GBNR 25/1 m.fl. - Berge Midtre - Godkjenning av detaljregulering for Berge Naturstein

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Berge naturstein, med plan-id 1241201606.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12 -12.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Rådet tar saka til etterretning.

RAAD- 071/2017 Vedtak:

Rådet tar saka til etterretning.